



Dagny Haugland ønskjer velkome med ein sjeldan fuchsia-prakt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mange er svake for fuchsia og har planta både inne og ute, men få kan ønskje velkome til ein så mangfaldig fuchsia-prakt som Dagny Haugland i Uskedalen. Du går gjennom ein alle av fuchsia når du skal besøka Dagny. Ho har fem sortar av planta.**

Ei kjær plante som fuchsia har som rimeleg er fleire namn og blir kalla både Kristi blodsdråpe og tåre her i landet. Det er så mange som 100 artar av fuchsia, som tilhøyrrer nattlysfamilien. Ho er ikkje nett nokon nykommar i den botaniske verda, for ho vart identifisert på slutten av det 17. århundre og fekk namn etter den tyske botanikaren Leonhart Fuchs. Men det var sjølvaste Carl von Linne som døypte ho.

Utover på 1800-talet vart ho spreidd som prydplante og er i dag ei populær krukke- og balkongplante i vår del av verda. Fuchsia er også ei populær hageplante, men berre dei herdigaste artane kan unnataksvis dyrkast utandørs i spesielt milde område langs kysten på sørvestlandet. Elles overvintrast fuchsia innandørs, står det å lesa i leksikon.

Der står det også at fuchsia krev lite stell og trivst overalt, både i sol og på skyggefulle stader. Planta sluttar å veksa hvis det blir varmare enn 24 grader og ho treng rikeleg med vatn. Og eit aktuelt poeng: Fuchsia får stå i fred for brunsniglar!

Dei fleste fuchsia-artane er heimehøyrande i Sør-Amerika og har spreidd seg derifrå opp til Mexico og Stillehavsområdet. Forvilla variantar av ein spesiell art er også å finna i Storbritannia. Men dei fleste artane er å finna i den tropiske eller subtropiske sona.

Av Ola Matti Mathisen